

Årsmøte

Det vert årsmøte i Studentmållaget i Bergen tysdag 31. januar klokka 1900. Møtet kjem til å gå føre seg på seminarrom A på Studentsenteret, Bergen. På årsmøtet skal vi gå gjennom mange spanande saker og vi får besøk av reiseskrivar Hannah frå NMU.

Saklista:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av to personar til å skriva under møtebok
3. Val av møteleiar og skrivar
4. Godkjenning av styret sitt arbeid - årsmelding
5. Godkjenning av økonomi - rekneskap
6. Vedtak om arbeidsprogram/årsplan
7. Vedtak om økonomi - budsjett
8. Val av nytt styre
9. Val av valnemnd
10. Val av utsendingar til årsmøtet til Hordaland Mållag
11. Val av utsendingar til landsmøtet til Norsk Målungdom
12. Val av utsendingar til landsmøtet I Noregs Mållag

Viss det er andre saker de meiner vi må ta opp, som då kjem under posten «innsendte saker», må desse sendast inn seinast fire dagar før årsmøtet.

Sakspapira ligg på nettsida vår, www.smib.no, og årsmøtehendinga på Facebook er å finna på <https://www.facebook.com/events/1815105285373251/>.

For å ha røysterett på årsmøtet må ein ha betalt medlemspengar for inneverande år, og vere under 30 år.

Medlemspengar kan betalast ved å sende ein SMS med teksten «MEDLEMSPENGAR» til 2090 (Kr 70,-). Sjå malungdom.no for andre betalingsmåtar.

Vitring frå styret - årsmelding for Studentmållaget i Bergen

Februar:

9. februar: Årsmøte på Studentsenteret. Det vart valt nytt styre, med to nye medlemar (Vetle og Karen). Desse to gjekk av ulike grunnar ut av styret etter eit halvt år. Elles haldt alle styremedlemene fram, utanom Anna Elise, som gjekk over i valnemnda etter god innsats i styret over fleire år. Ved slutten av perioden er styret dimed sett saman av Marta, Fredrik, Ingrid, Aslaug, Håkon og Øystein.

16. februar: Årsmøte i Bergen Mållag.

24. februar: Møte med byråd Hafstad Thorsen om nynorsk i Bergen. Marta møtte og snakka med han saman med Nils Mæhle (Bergen Mållag) og Oddvar Skre (Fana Mållag).

Mars:

4.-6. mars: Studentsamling i Stavanger.

12.-13. mars: Årsmøte Hordaland Mållag.

Utdeling av sidemåls pamflettar.

15. mars: Nynorskkurs med Vegard.

April:

1.-3. april: Landsmøtet til NMU.

15.-17. april: Landsmøtet til Noregs Mållag.

15. april: Landsmøtemålpils på Kvarteret med både landsmøtedeltakarar og lokale SmiB-arar. Stor suksess!

Mai:

17. mai: Kransenedlegging ved Ivar Aasen-bysta. Peder Lofnes Hauge var festtalar.

20. mai: Sumaravslutningsmiddag på Egon.

Juni:

Eksamenstid og sommarferiestart.

Juli:

Sumarleir i Søgne på Sørlandet.

August:

30. august: Nynorskkveld med Juristmållaget. Håkon, Fredrik og Marta stilte frå styret, og informerte om aktivitetane til Studentmållaget.

Stand (på organisasjonsdagane til HiB og UiB).

September:

5. september: Semesterstartpizza!

19. september: «Ingen nynorsk – inga avtale»-fotoaksjon på Torgallmenningen.

20. september: Bannermåling.

Stand/Utdeling av nynorsknyklar.

Oktober:

30. september – 2. oktober: Haustkonferanse.

4. oktober: Vår nynorskbar, med Ida Haugum.

20. oktober: Stand på Kronstad for kampanjen «Framtidas superlærar kan nynorsk».

23. oktober: 70-årsbursdagsfest, hurra for oss! Me åt kake, hadde kviss og kosa oss masse. Hipp-hipp!

November:

5. november: Peter Hognestad-jubileum.

14. november: Høyringssvarskrivedugnad på Kvarteret.

19. november: Idédugnad for målarbeid i Hordaland.

23. november: Me hang opp det eine eksamensbanneret vårt på Studentsenteret til UiB.

24. november: Me hang opp det andre eksamensbanneret på Kronstad (HiB).

25. november: Grautfest på kontoret, rundt 15 personar deltok. Veldig koseleg!

30. november: Peparkake- og matpakkesamling på Kronstad.

Desember:

Overgangen november/desember: Eksamenstid og eksamensbanner oppe på Studentsenteret (på høgskulen måtte me ta det ned att). Banneret på Studentsenteret kom på fjernsynet!

2. desember: Utdeling av Kringkastingsprisen på Ervingen, Arill Riise fekk prisen og SmiB gratulerte.

Januar:

13.-15. januar: Vinterleiren til NMU på Kvam i Vinstra, fem SmiB-arar reiste frå Bergen.

Styrearbeidet:

Sidan sist årsmøte har me hatt 14 styremøte. Talet på medlemar i styret har variert litt gjennom året, sidan Karen flytta og Vetle gjekk ut av styret rundt sommarferietid. Arbeidet i styret har likevel både før og etter dette fungert godt. Dei som sit att i styret no i slutten av perioden kjenner kvarandre veldig godt, og arbeidet har i stor grad blitt fordelt fint med godt samarbeid oss i mellom.

70-årsjubileet:

At me vart 70 år i 2016 måtte sjølv sagt feirast, og dette var dessutan eit av punkta frå fireårsplanen vår, så dette har me hatt i tankane lenge. Det er kjekt å bli 70 år, veldig kjekt. Me erfarte at det er vanskeleg å få tid og moglegheit til å gjennomføra absolutt alt ein har lyst til, men me fekk til ein stor del av planane for året, og det er me glade for.

Tilfang:

Endeleg har me fått oss nytt tilfang! I løpet av året har me fått oss eit eige SmiB-rullebanner, leiketatoveringar, og t-skjorter. Leiketatoveringane har vist seg å vera spesielt populære, både blant små og store målmenneske. No før årsmøtet

er det berre paraplyane som manglar av dei tinga me har planlagt å skaffa oss, og no er òg dei tinga. Elles har me har sendt ut SÅ mange klistremerke!

Vestlandsregionen og anna aktivitet:

Vestlandsregionen har vore eit heitt tema det siste halvåret godt og vel, og er noko me i laget har brukt ein del tid på. I tillegg til å arrangera høyringssvarskivedugnad med gode resultat, har me lagt mykje innsats i å få flest mogleg til å uttrykkja meininga si omkring språk og nynorsk i det potensielle nye fylket. Me har skrive høyringssvar til Hordaland frå SmiB, og til alle dei tre fylka saman med andre studentmållag. Medlemar i laget har blitt intervjuet om saka i ulike samanhengar, og saman med resten av målrørsla i landet har me vore med på å setja språkspørsmålet i fokus for innbyggjarane i dei tre vestlandsfylka.

Mykje av arbeidet rundt Vestlandsregionen og andre sakar me har arbeidd med, har vore i samarbeid med andre lag i regionen, andre studentmållag, og resten av Norsk Målungdom og målrørsla. Her lokalt har me delteke med observatør på nærmast alle styremøta til Bergen og Hordaland Mållag. I tillegg til at me normalt sett arrangerer nynorskbar ein gong i halvåret, har medlemar av laget vore tilstade på nærmast alle nynorskbarane til Bergen Mållag dette året. Me har delteke på arrangement sentralt, og tykkjer det var ekstra kjekt at landsmøtet til Noregs Mållag var her i Bergen.

	B 2015	R 2015	Budsjett 2016	Reknskap 2016
Innkommer				
Donasjonar frå klistremerkjemottakarar	500	330	1000	1300
Sal av tilfang	1500	0	5000	1275
Pengar frå kulturstyret	10000	6000	8000	9808
Frifond	53900	59050	70000	51828
Hordaland mållag	10000	10000	10000	7500
Andre	6400	1935.26	5900	1089
Renter		82.36	100	80
Sum	82300	77397.6	100000	72880
Utloger				
Tilfang	8000	0	23200	19960
Landsmøte NMU	9000	7982	12000	8696
Deltaking NMU	10600	8800	8000	5600
Årsmøte Hordaland Mållag	2400	2060	4500	2990
Landsmøte NM	0	0	3900	9336*
Kontormateriell	100	117.8	100	150
Klistremerkjeutsending	1000	1778.3	2500	3285
Ymse	2000	529	1000	15525*
Hendingar:				
SmiB/SmiS helg	18600	10624.84	0	0
Nynorsk kurs	3000	2600	2000	2025
Årsmøte SmiB	1300	214.9	1500	843
17.mai feiring ved Ivar Aasen bysta	1000	1034.9	2000	2166
Bergenkonferansen	6000	5400	0	0
Medlemsmøter	16000	12662.47	27000	16243
Anna aktivitet/aksjonar	3000	2418	12000	4686
Gebyr og bankkostnadar	300	296.25	300	307
Sum	82300	56518.5	100000	91810
Resultat:	0	20879.16	0	-18930
Reelt resultat		7179		-14780

Balansekonto	
Eigendelar	
Bankkonto 31.12.2016	94924
Sum	94924
Gjeld og eigenkapital	
Eigenkapital 31.12.2016	94924
Sum	94924

*Landsmøte Nm vart dyrare for me spanderte lunsj/middag/kulturkveld på utsendingane våre.

*Ymse me kjøpte fleire sidemåls-pamflettar og nynorsknyklar

Årsplan 2017

Februar:

9. Nyttårsfest

25.-26. Studentsamling

Utdeling av nynorsknøkkjar og pamflettar til lærarstudentar

Mars:

Nynorsk kurs

25.-26. Bergenskonferanse

25. Daniel Kvammen-konsert

31.-2. Landsmøte NMU

April:

4. Nynorskbar

21.-23. April: SmiB-SmiS-helg

Mai:

17. Kransnedlegging

Sommaravslutning

Eksamenshalloi

Omfram t årsmøte

Juni:

Eksamenshalloi

Juli:

Sommarleir (NMU)

August:

Stand på Studenttorg (UiB) og organisasjonsdag (HVL)

September:

Oppstartsmøte med pizza

Haustkonferanse (NMU)

Verveaksjon!

Oktober:

Nynorskbar

Medlemsmøte

November/Desember:

Grautfest

Eksamenshalloi

Januar/Februar:

Årsmøte

Heile året:

- Sende ut klistremerke til folk som tingar

- Få med folk på nynorsktilskipningar i Bergen.
- Matpakkesamling eller målpils om lag ein gong i månaden.

Budsjett SmiB 2016	B 2015	R 2015	B 2016	R2016	B2017
Innkommer					
Donasjoner frå klistremerkjemottaka	500	330	1000	1300	1200
Sal av tilfang	1500	0	5000	1275	1000
Pengar frå kulturstyret	10000	6000	8000	9808	7500
Frifond	53900	59050	70000	51828	45850
Hordaland mållag	10000	10000	10000	7500	3825
Andre	6400	1935.26	5900	1089	1000
Renter		82.36	100	80	100
Sum	82300	77397.62	100000	72880	60475
Utloger					
Tilfang	8000	0	23200	19960	5000
Landsmøte NMU	9000	7982	12000	8696	5600
Deltaking NMU	10600	8800	8000	5600	6000
Årsmøte Hordaland Mållag	2400	2060	4500	2990	3825
Landsmøte NM	0	0	3900	9336	0
Kontormateriell	100	117.8	100	150	150
Klistremerkjeutsending	1000	1778.3	2500	3285	4000
Ymse	2000	529	1000	15525	1500
Hendingar:					
SmiB/SmiS helg	18600	10624.84	0	0	0
Nynorsk kurs	3000	2600	2000	2025	3300
Årsmøte SmiB	1300	214.9	1500	843	1600
17.mai feiring ved Ivar Aasen bysta	1000	1034.9	2000	2166	2200
Bergenkonferansen	6000	5400	0	0	6250
Medlemsmøter	16000	12662.47	27000	16243	10250*
Anna aktivitet/aksjonar	3000	2418	12000	4686	10500*
Gebyr og bankkostnadar	300	296.25	300	307	300
Sum	82300	56518.46	100000	91810	60475
Resultat:	0	20879.16	0	-18930	0
Reelt resultat:		7179		-14780	

*Medlemsmøter: 750 til nyttårsfest, 4000 til sumaravslutning, 2500 til oppstartsmøte, 2000 til medlemsmøte okt., 1000 til grautfest.

*Anna aktivitet/aksjon: 5000 til konsert, 4000 til to nynorskbarar, 700 til stands, 500 til matpakkesamling, 300 til styremøtekos